



# Gloppen kommune

Personalavdelinga

Vår ref  
20/7783

Dato  
19.05.2020

## Avtale om vaktgodtgjersle - akuttberedskap barnevern

År 2020, 19. mai, vart partane einige om endring av avtalen inngått i mars 2017, og som vart forlenga i mars 2018.

Sjølve innhaldet i avtalen er ikkje endra, men den er endra mht deltakande kommunar og at avtalen ikkje lenger er tidsavgrensa.

Desse deltok i forhandlingane (gjennomført pr e-post):

Representantar frå arbeidsgjevarane Gloppen kommune, Stad kommune og Stryn kommune

Bjarte Gangeskar	barnevernsleiar Eid kommune
Rita Lilletvedt	personalsjef Gloppen kommune

Representantar frå arbeidstakarorganisasjonen FO (fellesorganisasjonen) i Gloppen, Stad og Stryn:

Marie Gjengedal	HTV FO Gloppen kommune
Britt Remme	HTV FO Stad kommune

Med bakgrunn i kommunesamanslåing gjeld avtalen no Gloppen kommune, Stad kommune og Stryn kommune.

Føresetnad som ligg til grunn for avtalen:

Vaktordninga er ei beredskapsvakt utanfor arbeidsstaden. Den skal organiserast som ei 6-delt vakt der 2 tilsette frå kvar kommune deltek i vaktordninga. Vakt utanfor ordinær arbeidstid, dvs kveld, natt, helg og heilag dagar.

Partane vart einige om følgjande:

Beredskapsvakta skal ikkje reknast med i arbeidstida.

Den avtalte beredskapsvakta skal godtgjerast med ordinær timelønn delt på 6 (1/6).


Ubekvemstillegg og utrykning på vakt skal godtgjerast ihht HTA kap. 1, pkt 4.3.2.1.

Avtalen er gjeldande frå 01.04.2020, og kan seiast opp med 6 månaders varsel.

For arbeidsgjevar

  
Bjarte Gangeskar

For arbeidstakarorganisasjonane

  
Marie Gjengedal